



STORD
KOMMUNE



2011-2014

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan
-Saman om utvikling og velferd



Framsidedfoto: Vibeke Mjånes

Stord kommune

2011-2014

Føreord

Dette dokumentet utgjer rådmannen sitt framlegg til formannskap og kommunestyre til budsjett og økonomiplan for åra 2011-2014. Det inneheld talbudsjett, kommentarar og framlegg til vedtak.

Stord, 20.10.2010

Magnus Mjør

Rådmann

Innhald

INNHALD	3
1. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETTVEDTAK	5
2. INNLEIING OG SAMANDRAG	6
2.1 BUDSJETTPROSESS	8
3. RAMMEVILKÅR, OVERORDNA STYRINGSSIGNAL OG FØRESETNADER	9
3.1 FOLKETALSUTVIKLING	9
3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER	9
3.2.1 FRIE INNTEKTER	10
3.2.2 SKJØNSMIDLAR	11
3.2.3 MØMSKOMPENSASJON	11
3.2.4 ASYLMOTTAK, MOTTAK FLYKTNINGAR	12
3.2.5 RESSURSKREVJANDE TENESTEMOTTAKARAR	12
3.2.6 RENTE OG AVDRAGSKOMPENSASJON	12
3.2.7 LØNSVEKST OG PENSJONSKOSTNAD 2011	12
4 MÅLSTYRING OG KVALITETSSIKRING 2011-2014	14
4.1 DELMÅLSETJINGAR	14
4.2 MÅL FOR ÅRET 2011 – MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE	16
5. BUDSJETTOMRÅDA, DRIFT OG INVESTERINGAR	17
5.1 FORMANNSKAPET	18
5.1.1 POLITISK	18
5.1.2 ADMINISTRASJON, FELLESUTGIFTER	18
5.1.3 IKT	18
5.1.4 KYRKJA, KYRKJEGARDAR	19
5.2 DRIFTSSTYRET	20
5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING	21
5.3.1 SKULE, SFO	22
5.3.2 BARNEHAGAR	23
5.3.3 KULTURSKULEN	23
5.3.4 BARNEVERN	24
5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR	25
5.4.1 KULTUR OG IDRETT	25
5.4.2 BIBLIOTEK	26

5.4.3	BRANN OG FEIING	27
5.4.4	VEG, GRØNT OG PARK	27
5.4.5	LANDBRUK, MILJØ OG NÆRING	27
5.4.6	REGULERING, BYGGJESAK, OPPMÅLING	27
5.5	KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	28
5.5.1	SOSIALTENESTER, NAV	30
5.5.2	SOSIAL OG FØREBYGGANDE TENESTER	30
5.5.3	HABILITERING	30
5.5.4	INSTITUSJONSDRIFT	30
5.5.5	AKTIVITET OG REHABILITERING	30
5.5.6	HEIMEBASERTE TENESTER	31
5.5.7	KUNDETØRGET	31
5.5.8	BUSTADER FOR PERSONAR MED SÆRSKILTE BEHOV	31
5.6	KOMMUNALE FØRETAK	31
5.6.1	STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF	32
5.6.2	STORD VATN OG AVLAUP KF	32
6. FINANS, AVGIFTER, BETALINGSSATSAR		33
<hr/>		
6.1.	GEBYR OG BETALINGSSATSAR	33
6.2	FINANSINNTEKTER OG –UTGIFTER, LÅNEGJELD	33
7. VEDLEGG		35
<hr/>		
7.1	ØKONOMIPLAN DRIFT	<u>36</u>
7.2	ØKONOMIOVERSYN DRIFT 1	<u>38</u>
7.3	ØKONOMIOVERSYN DRIFT 2	<u>40</u>
7.4	INVESTERINGSBUDSJETT	<u>41</u>
7.5	SPESIFIKASJON INVESTERINGAR	<u>43</u>
7.6	STORD KOMMUNALE KINO	<u>49</u>
7.7	BUDSJETTFRAMLEGG STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF	<u>50</u>
7.8	BUDSJETTFRAMLEGG STORD VATN OG AVLAUP KF	<u>57</u>

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2011-2014 med desse endringane...
2. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale kino slik det ligg føre.
3. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 158 796 000 i lån i 2011 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 20 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 55 226 000
Andre lån	kr 83 570 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.
4. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
5. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2011 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune". Dette gjeld for:
 - Avgift for feiing og brannsyn
 - Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming
 - Reguleringsgebyr
 - Gebyr for delingssøknader
 - Oppmålingsgebyr
 - Gebyr for byggjesak og tekniske installasjonar
7. Stord kommune vil i 2011 busettja 10 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg. Ordninga med flyktningeguide opphøyrer frå og med 1.1.2011.
8. Nivået på satsar for økonomisk sosialhjelp i 2010 skal vidareførast i 2011.
9. Stord kommune løyver følgjande næringstilskot i 2011:
 - SNU AS, kr 1 725 000
 - Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap, kr 52 000
 - Prosjektet Liv og Lyst, Huglo, kr 30 000
 - Business Region Bergen, driftstilskot, kr 117 000
 - Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
 - Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 30 000

Søknad om midlar til reiselivssatsinga frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 215 000, vert ikkje imøtekomen.
10. Kommunestyret sluttar seg til budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.
11. Kommunestyret vedtek at internhusleiga til Stord kommunale eigedom KF for 2011 skal vera kr 93 787 000. Kommunestyret vedtek samstundes eit eigaruttak frå føretaket på kr 78 167 000.

2. Innleiing og samandrag

Med utsikter til ”vekst over trend” i fastlandsøkonomien i 2011 og til stabilisering av arbeidsløysa ”klart under det historiske gjennomsnittet”, finn regjeringa det rett å stramma inn statsbudsjettet. Dette m.a. av omsyn til aktivitet og sysselsetting i konkurranseutsatte næringar. Situasjonen på Stord er likevel atypisk, slik den også var under finanskrisa. Medan hjula gjekk for fullt på Stord under finanskrisa har me no den høgaste arbeidsløysa i Hordaland. Sjølv om optimismen absolutt er til stades, er det utsikter til ytterlegare permitteringar. Behovet er heller stimulering enn nedkjøling av økonomien, og spørsmålet om lokale omstillingstiltak er brakt på banen.

Rådmannen sitt budsjettframlegg er utarbeida med utgangspunkt i vedteken økonomiplan 2010-2013, revidert kommunebudsjett for 2010 og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Statsbudsjettet legg opp til ein auke i kommunen sine frie inntekter på 3,4%. Dette inneber eit stramt budsjett og fortsatt bremsane på for Stord kommune. Det vert noko meir pengar, men både utgiftene og behovet for kommunale tenester aukar. Det er absolutt rom for å yta gode tenester til innbyggjarane, men nye satsingar krev hardare prioriteringar. Stord er ein minsteinntektskommune. Kommunestyret sa i mai at ein ikkje ville greie ut eigedomsskatt i inneverande valperiode. Rådmannen har lagt dette som ein premiss for budsjettframlegget.

Budsjettframlegget legg til grunn formannskapet sitt framlegg til budsjettrevisjon for andre tertial. Denne føreset at vedtekne budsjetttrammer for 2010 skal liggja fast. Det er lagt inn ein reserve (overført kapitalbudsjettet) på 3,1 mill kr. Ein meiner denne bør liggja inne som ein buffer dersom ein ikkje maktar å henta inn det akkumulerte underskotet over 2010-rekneskapen. For skatteanslag er Finansdepartementet sine prognosar lagt til grunn, justert for forventta folketal per 1.1.11.

Rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett vidarefører i hovudsak rammene frå revidert kommunebudsjett våren 2010. Dei økonomiske rammene gjev lite rom for styrking av einingane. Ein har likevel i nokon grad teke høgde for det faktum at innbyggjarane i kommunen vert eldre. Delen innbyggjarar over 67 år aukar med 15% i perioden, særleg auke er det blant dei over 90 år. Framlegget til investeringsbudsjett inneber utbygging av til saman 21 omsorgsbustader og 52 sjukeheimplassar i perioden. Sjølv om løyvinga til Kundetorget, pleie- og omsorgstenester, er styrka med 3 mill kr i høve til 2010-budsjettet ser ein likevel for seg at det også til neste år vil verta stram tildeling av tenester. Det er lagt opp til drift av 11 sengeplassar ved Rehabiliteringssenteret.

Til gravplass i Frugården er det sett av 28,4 mill i 2011. Til kommunale vegar er det lagt inn 19,5 mill kr i perioden. Det er forslag om å utsetta oppstart av naudsynt rehabilitering av Stord ungdomsskule til 2014. Rådmannen har ikkje funne plass til oppstart i 2012 slik det er føresett i gjeldande økonomiplan. Også naudsynt investering i nye klasserom på Hystad skule, til erstatning av ”paviljongen”, er føreslege gjennomført først i 2014.

Tilbodet til utviklingshemma er styrka mot nye brukarar, og det er lagt inn løyving til midlertidige løysingar på Sæbø gard. Eksisterande tilbod er likevel sterkt pressa. Det er ikkje funne rom for utvida permanent dagtilbod for utviklingshemma før i slutten av perioden.

Framlegget til investeringsbudsjett er likevel ekspansivt. Lånegjelda knytt til ikkje-sjølvsfinansierande tiltak aukar med 130 mill kr i planperioden, tilsvarande om lag 8,5 mill kr årleg i auka rente- og avdragsbelastning. Den samla lånegjelda vil overstiga 1 mrd kr i 2011. Områda vassverk og avlaup ligg inne med eit inviseringsomfang på h.h.v. 121,5 og 175,9 mill kr i perioden 2011-2014.

Drifta av skulane er vidareført på på lag nivå som revidert budsjett 2010. Det gjeld også omfanget av spesialpedagogisk undervisning. Det ligg inne løyvingar til MOT. Satsen til elevfaktor med kr 600, tilsvarande 2 mill kr i heilårsverknad. Leksehjelp og timetalsauke som vart innført i 2010 er lagt inn med heilårsverknad. Budsjettframlegget legg til grunn delingstal 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Ein har ikkje funne rom for å auka budsjettet i samsvar med vedtaket i komiteen om lågare delingstalet, noko som ville ha auka kostnadane med 2,6 mill i 2011 (heilårsverknad drøyt 6 mill kr).

Drifta av barnehagar vert rammefinansiert frå og med 2011. Nye forskrifter er enno ikkje på plass, og det er mykje både uvisse og usikkerheit knytt til omlegginga. Budsjettforslaget vidarefører dei økonomiske rammene til barnehagane på 2010-nivå.

Einingane er ikkje kompensert for prisauke. Ut over det er budsjettet ikkje saldert med flate nedtrekk, eller 'ostehøvel'. Budsjettforslaget inneber ei styrking av personalområdet. Etter eit år med restriksjonar på kursing og kompetanseheving og kutt på postane for personalføremål, er løyvingane til HMT-arbeid og felles kompetansehevingstiltak attende på 2009-nivå.

For å stå betre rusta mot uventa hendingar er det oppretta eit beredskapsfond. Det er sett av 0,5 mill kr til fondet i 2011.

2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjettet og økonomiplan 2011-14:

Aktivitet:	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	20. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45 nr. 3	20. oktober
Budsjett høyringar i komiteane	2.-4. november
Formannskapet avgjer si budsjettinnstilling	15.-17. november
Kommunestyret vedtek årsbudsjett	2. desember
Komiteane handsamar detaljbudsjett	13.-15. desember

Proessen og sjølve budsjettdokumentet er lagt opp i samsvar med kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 59/10. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringar, andre overføringar, netto avsetningar og finansinntekter og –utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegner.
3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjett skjema 1A, fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF, spesifisert etter tenesteområde (grunnskule, barnehage osv.).
4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjett skjema 2A og 2B.
5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal bygge på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår.

Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultatiningane innanfor sine ansvarsområde. Rådmannen vil utarbeida framlegg til fordeling for komiteane på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 2. desember.

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne. Folketalet pr 01.07 2010 var på 17 758, dette er ein auka på 344 frå 2009 (2%), den største veksten på fleire år.

Det som særmerkar folketalsutviklinga i kommunen i åra framover er først og fremst at fødselsoverskotet vil auke dei næraste åra, at befolkninga vil vera yngre enn i gjennomsnittskommunen, og at det skjer stor inn- og utflytting til Stord. Dei siste åra har det vore større tilflytting enn utflytting.

Folketalsframskrivinga under, byggjer på SSB si folketalsframskriving for Stord kommune, mildare/høgare vekstutvikling.

Demografisk utvikling i planperioden					
	2010	2011	2012	2013	2014
0-2 år	725	769	795	800	795
3-5 år	718	730	720	777	820
6-15 år	2 627	2 597	2628	2601	2573
16-22 år	1 876	1 926	1 920	1 940	1 931
23-66	9 668	9 782	9 955	10 104	10 250
67-79 år	1 327	1 388	1 424	1 479	1 585
80-89 år	529	537	540	545	548
90 år og eldre	95	108	117	125	128
SUM	17 565	17 837	18 099	18 371	18 630
Auke	276	272	262	272	259
Auke i %	1,6	1,5	1,5	1,5	1,4

Talet på eldre over 67 år aukar med 15,4% i frå 2010 til 2014. Serleg aldersgruppa over 90 år har sterk vekst. Veksten i eldre vil føra til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og omsorgstenester i planperioden.

Me ser at talet på barn i skulealder viser ein nedgang i økonomiplanperioden, derimot er det vekst i talet på fødslar slik at talet på barn i barnehagealder går opp i perioden.

3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjevne sentralt gjennom vedtak av kommuneproposisjonen i juni samt det framlagde statsbudsjettet

3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda for driftsrammene. Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 2,8%. Lønsvekst utgjør 3,25%, prisstigning 2%.

Det er rekna med ein nominell reduksjon i skatteinntektene for kommunane frå 2010 til 2011 med 6,5 % rekna etter siste reviderte skatteanslag for 2011. Høgste lovlege kommunale skattøyre er føreslege redusert frå 12,80 til 11,30. Budsjettframlegget legg dette til grunn, og det er føresett at kommunen sin skatteandel held seg på same nivå i forhold til landsgjennomsnittet (99,5%) som i 2009. Det er knytt ein del usikkerheit til skatteanslaget for 2011, då sysselsettingssituasjonen i leverandørindustrien er noko usikker.

I 2011 skjer den største omlegginga av inntektssystemet sidan 80-talet. Den største endringa er innlemminga av det øyremerka barnehagetilskotet. I tillegg er kostnadsnøklane endra vesentleg. Skatteinntektene sin andel av samla frie inntekter er redusert frå 45% til 40%.

Endringa i kostnadsnøklane og demografi fører til at utgiftsutjamnande tilskot som i 2010 utgjorde eit trekk på 27,7 mill kr, no vert redusert til 13 mill kr. Til grunn for anslag på frie inntekter ligg dei endringane i demografiske forhold som er gjort greie for under befolkningsendring over. Endring i befolkninga gir kommunen isolert meirinntekter utover staten sitt anslag.

Enkeltelementa i rammetilskotet går fram av tabellen nedanfor:

1000 kr	2010	2011	2012	2013	2014
Innbyggartilskot	177 863	338 244	349 557	362 386	375 822
Utgiftsutjamning	-27 661	-12 961	-16 340	-19 885	-24 377
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-431	-2 613	0	0	0
Utanfor overgangsordninga	2 767	3 728	3 728	3 728	3 728
Ordinært skjønn	2 200	1 400	1 400	1 400	1 400
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet		700	700	700	700
Revidert nasjonalbudsjett	27				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	154 765	328 498	339 045	348 329	357 273
"Bykletrekket" (anslag)	-10	-10	-10	-10	-10
Netto inntektsutjamning	-3 603	-3 429	-3 476	-3 527	-3 577
Sum rammetilskot	151 152	325 059	334 659	342 059	349 459
Skatt på inntekt og formue) vårt anslag	417 186	393 441	398 904	404 658	410 358
Sum frie inntekter	568 338	715 800	733 563	746 717	759 817
Endring i dei frie inntektene (%)	7,35 %	25,80 %	2,20 %	2,10 %	2,00 %

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 2 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

3.2.2 Skjønsmidler

Kommunen mottok lite skjønsmidler fra Fylkesmannen. Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,4 mill kr for 2011, dette er kr 800 000 mindre enn i fjor. Fylkesmannen grunnjev tildeling slik:

”Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland. Det er stor innpendling av både skuleelevar og arbeidarar. Kulturtilbodet blir også nytta av innbyggjarar frå nabokommunane og er dimensjonert for å dekkja eit større folketal. Som regionsenter har kommunen høge utgifter innafor sosialomsorg og rus.

Kommunen har mange arbeidsplassar innafor leverandørindustrien. Det er uvisse knytt til tildeling av nye kontraktar, og det er sannsynleg med redusert aktivitet i 2011. Eventuell auka arbeidsløyse vil føra til auka sosialutgifter og mindre skatteinntekter for kommunen.

Kommunen får i 2010 eigen kompensasjon, kr. 0,95 mill., til inntektssvake kommunar utan distriktstilskot. Denne kompensasjonen blir teke bort for 2011, jf. kommentar i innleiinga.

Kommunen har ikkje innført eigedomsskatt korkje på verk og bruk eller på andre faste eigedomar.”

Kommunen har i tillegg til det ordinære skjønnet motteke 0,7 mill kr som kompensasjon for omlegging av inntektssystemet, truleg knytt opp mot innlemming av midlar til barnehagar i rammetilskotet.

3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert momsen på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestillja eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vart ordninga med at kommunane kan nytta investeringsmomsen til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmomsen i driftsrekneskapen for åra 2010-2014. 40% av investeringsmomsen skal nyttast til å finansiera investeringar i 2011, deretter 60% og så vidare. Frå 2014 skal all investeringsmomsen som kommunen mottok nyttast til å finansiera investeringane.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn. For 2011 er det avsett 3,1 mill kr av investerings-momskompensasjonen til finansiering av investeringane utover minstekravet.

1000. kr	2011	2012	2013	2014
Momskompensasjon drift	18 000	18 000	18 000	18 000
Momskompensasjon investering	20 000	17 922	21 060	23 180
Sum momskompensasjon	38 000	35 922	39 060	41 180
Avsett til investeringar	11 190	10 800	16 850	23 180
% avsett til investering	56%	60%	80%	100%

Kommunen etablerte i 2009 Stord kommunale eigedom KF som vil stå for gjennomføring av investeringane. Opptent momskompensasjon for investering og drift i føretaket skal tilfalle kommunen.

3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,25 mill kr i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal dekke dei meirutgifter som kommunen har grunna dette.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 15,0 mill kr kvart år i økonomiplanperioden.

Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 581 500 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 631 000 for einsleg vaksen og 561 500 for born. Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiesameining. I dei to siste åra har omfanget av familiesameining vore stort. Det er lagt til grunn same nivå på mottak i 2011 som for 2009 og 2010.

3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar vert vidareført i statsbudsjettet.

Kommunen får dekke 80% av direkte lønnsutgifter av tenestene som vert ytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år som overstig eit innslagspunkt på kr 895 000 pr brukar (kr 865 000 i 2010).

Kommunen vil ha 21 brukarar i 2011 som samla vil gje eit tilskot på 22 mill kr. Nivået på tilskotet er vidareført i økonomiplanperioden.

3.2.6 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg i samsvar med tildelt kvote som er på 47,4 mill kr. Renteføresetnad er 3,0% i 2011 og dette gir 1,4 mill kr i rentekompensasjon. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot 0,8 mill kr i kompensasjon

Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 3,8 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr for avdrag og 1,5 mill kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,4 mill kr.

I 2009 innførte regjeringa ei ny ordning med rentekompensasjon for å rehabilitere skular og basseng. Samla lånekvote er anslått til 48 mill kr. For 2011 er det budsjettert med 1,6 mill kr frå denne ordninga.

3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad 2011

Statsbudsjettet legg opp til ein årslønsvekst på 3,25%. Denne er følgt opp i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2010 på 2,5% og eit berekna lønstillegg 1.5.2011 på 1,5%, med heilårsverknad 0,8%.

Det er forslag om å setta av kr 18 310 000 i lønsreserve til dekning av lønsoppgjæret i 2011 og overheng. Dette er ei minimumsavsetning, men ein legg til grunn at det vil vera tilstrekkeleg i og med at neste års lønsoppgjær er eit mellomoppgjær.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 15 års avdragstid på premieavviket. Kommunen har motteke budsjettoppgåve frå KLP og Statens Pensjonskasse. Kommunen har til no hatt eigenrisiko på AFP-ordninga, men me meldte hausten 2010 overgang til utjamningsordninga. Premien for 2011 er estimert utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP ordninga er budsjettert med brutto 15,8% og for andre tilsette 9,83% av pensjonsgrunnlaget samt ein reguleringspremie på 2,35% av premiereserven. Reguleringspremien utgjorde i 2010 4,5%. Det inneber at pensjonsutgifta i 2011 vert 7 mill lågare enn i 2010. Dette forklarar at fleire av einingane har lågare nettoutgift i 2011. Dei tilsette dekkjer 2% av pensjonsgrunnlaget. Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 12,46% inklusiv tilsette sin 2% del. Dette er ein reduksjon i premien på 1,74%.

Premieavviket for 2010 er på 4,5 mill kr, i tillegg kjem 0,7 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2011 og amortisert over 15 år frå og med 2012. I økonomiplanen vert det lagt opp til ein årleg auke i pensjonskostnaden på 1 mill kr. Premieavviket er trappa opp i samsvar med dette.

1000 kr	KLP	SPK	Sum
Premie 2011 (pensjonsutgift)	46 710	13 176	59 886
Berekna pensjonskostnad 2011	43 210	12 176	55 386
Premieavvik	3 500	1 000	4 500
Amortisering tidlegare års premieavvik (pr.avvik 2011)	- 2 142	157	-1 985

4 Målstyring og kvalitetssikring 2011-2014

Kommunen sine overordna målsettingar og delmålsetjingar for perioden 2011-2014, tek utgangspunkt i Kommuneplan for 2004-2015 og planprogram for kommuneplan 2010-2021. Revisjon av Kommuneplanen er førebels berre på planprogram-stadiet og skal handsamast i formannskap og kommunestyre seinare i haust. Kommunen vil i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følge opp delmålsetjingane i planprogrammet

4.1 Delmålsetjingar

Byutvikling, senterstruktur og samferdsle

- Stord skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidssretta lokalsenterstruktur
- Stord skal ha eit effektivt, miljøvennleg og trafikksikkert transportsystem

Oppvekst

- Tilbod til barn og unge er tilpassa interesser og anlegg og tek omsyn til fagleg og sosial utvilning. Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt
- Barn og unge får positive møte med andre land og kulturar og samstundes styrkja tilhøvet til eigen kultur og eigen identitet
- Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom brukarmedverknad, samordning og ved bruk av aktuelle kvalitetssystem
- Einingane som arbeider med barn og unge er organisasjonar med kompetanse for læring og utvikling
- Barn og unge vert sikra tilstrekkelege, trygge og stimulerande like og opphaldsareal i utbyggings- og fortettningsområde

Estetikk, miljø og trivsel

- Miljø – klima: Stord kommune sin klima- og energiplan får status som kommunedelplan for klima og energi og med regelmessig rullering. Planen skal følgjast opp gjennom overordna planar. Tiltak og verkemiddel i planen skal vera styrande for kommunen sin miljøpolitikk
- Kurturvern: Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø skal følgjast opp gjennom arbeidet med overordna planar. Ved utarbeiding av reguleringsplanar vert kulturmiljø og enkeltobjekt regulerte til spesialområde vern
- Estetikk: Møtet med Stord skal gje identifikasjon og attkjenning. Naturkvalitetane skal framhevast. Det skal leggjast vekt på at møtet med Stord, anten ein kjem via flyplass, veg eller sjø set ei ramme som identifiserer kommunen og folket. Det skal leggjast vekt på utforming og merking av interne trafikkårer. Ved utvikling av dei konsentrerte sentrumsområda (Leirvik, Heiane og Sagvåg) vert det lagt stor vekt på det estetiske uttrykket
- Trivsel: Stord skal vera trivselskommunen. Kommunen skal vera internasjonal og inkluderande. Tilreisande skal på ein god måte bli integrerte i lokalsamfunnet. Stord kommune skal ha eit breitt utval av kulturtilbod. Bibliotek, kino og kulturskule skal ha god kvalitet

Arbeid og næringsliv

- Innovasjon og entreprenørskap kjenneteiknar næringsliv og næringsutviklinga
- Nye arbeidsplassar innan reiseliv og kulturbaserte næringar
- Miljøteknologi vert eit forretningsmessig satsingsområde
- Næringsretta kompetanse vert styrkt
- Sikra tilgong til risikovillig kapital
- Styrking av Stord sin posisjon som lokomotivet i Sunnhordland
- Offentleg forvaltning er effektiv og gjev gode tenestetilbod
- Stord vert vidareutvikla som senter for handel og service

Rehabilitering, helse og omsorg

- Helse- og sosiale tenester er ein naturleg del av planarbeidet i kommunen
- Folkehelsearbeid ligg til grunn for utviklinga av helsetilbodet
- Universell utforming ligg til grunn for nye tiltak
- Personar med størst hjelpebehov vert prioritert og har god tilgang til tenester
- Tenestetilbode er samordna og har høg kvalitet
- Helsefremjande, førebyggjande og rehabiliteringstiltak er vektlagt
- Samarbeid med frivillige og andre er ein del av det totale tenestetilbodet
- Tilsette inviterer til brukarmedverknad
- Fokus på samarbeid mot helseføretak, høgskulen og universitetsmiljø kring forskning og utvikling av kompetanse

Areal

- Kommunen skal fastleggja utviklingsretningar for framtidig byutvikling og definera langsiktige strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål og kommunen skal unngå unødvendig "arealspreiing"
- Det skal stimulerast til fortetting i eksisterande utbyggingsområde både ved tilrettelegging for mindre felt, deling av større tomter og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område. Samstundes er det viktig å sikra naudsynste grøntstrukturar
- Det vert definert langsiktige, strategiske grenser (markagrenser) for arealbruk som sikrar vern av viktige landbruks-, natur- og friluftsområde som i naudsynt grad skal visast med omsynssoner
- Kjerneområde for landbruk og skogbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone
- Funksjonell strandsone skal definerast og innarbeidast i arealdelen
- Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorar med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i saman med gangsykkelvegnettet
- Det skal gjennomførast ein overordna trafikkanalyse som skal gje premisser for ein samordna areal- og transportpolitikk som omfattar overordna vegsystem, sekundære vegar, kollektivtrasear, terminalløysingar og gang – sykkelveggar
- Kommunedelplan for trafikksikring skal rullerast
- I arealplanlegginga skal ein søkja å unngå konflikt med kulturverninteressene og freda kulturminne som skal visast som omsynssoner

4.2 Mål for året 2011 – målekart for Stord kommune

Målemetodane som er lagt til grunn i målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av www.bedrekommune.no. Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetnadene våre. Undersøkinga gjev også eit bilete av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for vår interne satsingsområde. Målskalen hjå [bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no), er frå 1-6, der 6 er best. I 2009 vart det utført brukarundersøking på tre tenesteområde. Undersøking vart gjennomført hjå barnehage, utviklingshemmede-brukere og utviklingshemmede-brukerrepresentant. Det er såleis desse tala som ligg til grunn for tala som er oppført under ”status 2009”, i målekartet.

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne www.noreg.no. Skalaen på resultatet er 1-6, kor 6 er best resultat.

	MÅLEKART (I skala frå 1-6, er 6 best)	1-6	1-6	1-6
FOKUS OMRÅDE	MÅLSETJING	Status 2009	Lands-snitt	Mål 2011
BRUKAR				
Brukarmedverknad	Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	4	3,82	4,1
Respektfull behandling	Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	5,1	5	5
Tilgjengelegheit	Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	5,1	5,1	5,1
Informasjon	Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	4,9	4,8	4,9
Kvalitet på tenestene	Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene	4,9	4,8	5
Kvalitet på heimeside	Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	4	4	5
MEDARBEIDARAR				
Ivaretakande og godt arbeidsmiljø	Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	4,5	4,5	4,7
	Redusert sjukefråvær	7,06 %	8,15%	7%
Organisering av arbeidet	Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	4,7	4,8	5
Innhald i jobben	Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	4,7	4,8	4,8
Samarbeid og trivnad	Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	4,7	4,8	4,9
Nærmaste leiar	Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	3,8	4,1	4,2
Fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	3,8	4,1	3,9
ØKONOMI				
Økonomistyring	Det samsvar mellom budsjett og rekneskap	0,5%	0% eller b.	

5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2011 er 1 014 mill kr. For områda skule rehabilitering, helse og omsorg ligg det inne ein auke i høve til 2010. Det er gjennomført nokre driftsreduksjonar for å balansera budsjettet, men driftsnivået elles er i hovudsak vidareført på 2010-nivå.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2011-2014 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2010-2013, samt sektorplanar som skulebruksplan, rehabilitering, -helse og omsorgsplan og vatn- og avlaupsplan. Dei økonomiske rammene i perioden er likevel slik at det ikkje er mogeleg å oppfylle alle måla i sektorplanane. Det er utarbeida eigne investeringsplanar for bustader til vanskelegstilte, skuleutbyggingar og nye institusjonsplassar. Alle investeringssummer med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift).

Framlegg til investeringar pr. tenestoområde					
1000 kr	2011	2012	2013	2014	2011-2014
Administrasjon og fellesfunksjonar	8 900	7 200	6 500	10 000	32 600
Bustad/næring/utbygging	900	2 650	2 400	2 400	8 350
Skule og barnehage	8 350	2 300	500	47 000	58 150
Helse og sosial	40 000	56 300	83 300	38 000	217 600
Kyrkje	28 400	800	0	0	29 200
Kultur, idrett	8 850	14 500	6 100	11 600	41 050
Brann, veg og grønt	11960	8 260	7 300	7 000	35 470
Vassverk	24 214	32 433	33 234	31 673	121 554
Avlaup	31 012	47 709	49 925	47 234	175 880
Samla investering	162 586	171 252	188 459	194 807	717 104

Finansiering, investeringsbudsjett					
1000 kr	2011	2012	2013	2014	2011-14
Overføring frå drift/momskompensasjon	11 190	11 000	16 900	23 180	62 270
Statlege overføringar	10 900	13 536	10 400	14 156	48 992
Sal av eigedom/bruk av fond	1 620	4 498	3 024	1 200	10 342
Sum eigenfin. /tilskot	23 710	29 034	30 324	38 536	121 604
Låneopptak finansiert over drift	83 570	62 076	74 976	77 364	298 066
Lån finansiert med leigeinntekter	11 600	16 000	0	0	27 600
Lån med rentekomp. kyrkja	920	0	0	0	920
Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar	71 130	46 076	74 976	77 364	269 546
Låneopptak avgiftsområdet	55 226	80 142	83 159	78 907	297 434
Samla finansiering	162 586	171 252	188 459	194 807	717 104

Det er lagt opp til å nytta 62,3 mill kr av momskompensasjon investeringar til finansiering av investeringane. Dette er i samsvar med vedtekne føresegnar om innfasing av momskompensasjonen.

Som delfinansiering av investering i bustader til vanskelegstilte er det lagt til grunn ein statleg kompensasjon på 30% av investeringa. Kompensasjonstilskot til institusjonsplassar er budsjettert i høve til den statlege satsinga med gjennomsnittstilskot på 647 000 kr pr institusjonsplass.. Det er lagt opp til å nytte 10,3 mill kr i eigenfinansiering av investeringane.

5.1 Formannskapet

5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2010-nivå. Det er sett av kr 300 000 til disposisjon for formannskapet. Kr. 60 000 til komiteen for næring, miljø og kultur er tilbakeføring av det som er udisponert av nynorskprisen, som vart trekt inn i samband med rekneskapsavslutninga for 2009.

Det er løyvd kr 875 000 til kontrollutvalet si verksemd, inkl. mva. Det er ikkje framlegg om å løyva omsøkte kr 100 000 i ekstra tiltaksmidlar, til ad-hoc oppgåver m.m.

5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter

Det er lagt inn 0,3 mill kr til vidareføring av overordna planarbeid. Oppgåver ein ser for seg i 2011 vil vera planlegging av strekninga E39 Ådland-Tveita, fylkesvegen mellom dei vidaregåande skulane/Landåsen, trafikk-løysingar sentrum, samt ferdigstilling av kommuneplanen. Elles er driftsbudsjettet vidareført i høve til gjeldande bemanningsplan.

På investeringsbudsjettet er det foreslått 1,0 mill til naudstraum for serverrom i rådhuset og i Rundehaugen 45 for å sikre drift av dataanlegg ved straumbrot og for å redusera risikoen for tap av data og skade på utstyr. Det er vidare sett av 0,7 mill. til oppgradering av kommunestyresalen med m.a. møbler, dataanlegg og elektrisk anlegg.

Det er foreslått ein mill til brann- og innemiljøtiltak i kommunale bygg for m.a. gjennomføring av naudsynt brannsikring. Det er og lagt inn 1,0 mill. til enøktiltak for m.a. installering av varmepumpe med t.d. gass for å kunne redusere straumutgiftene monaleg i bygg der det er vassboren varme, og i tillegg å byta ut oljekjel til gass. Dette er tiltak som er med å oppfylle mål i klima og energiplanen for Stord kommune. Stord kommune har i dag redusert elkraft tariff (kjelkraft). Dette omhandlar utkoplingsbart forbruk, dvs. elkraft som kan erstatta energibehov ved bruk av oljekjellar, dersom det er kapasitetsproblem i straumnett. SKL har varsla at denne elkraft tariffen vil opphøyre i 1.juli 2012. Desse tiltaka er venta å redusera straumforbruket. Det er foreslått 0,9 mill per år til naudsynt oppgradering av slitne utleigebustader.

For å i større grad kunna ta høgde for uføresette hendingar er det forslag om å oppretta eit beredskapsfond. Det er sett av 0,5 mill kr til fondet i 2011.

5.1.3 IKT

Fleire av tiltaka i 2011 er vidareføring av allereie oppstarta tiltak. Nokre er nye. Oppfølging av revisjonsrapporten og innføring av nytt kontorstøttesystem utgjer halvdelen av investeringsomfanget på 4 mill kr. Nye tiltak lagt til i rulleringa av planen med oppstart 2011:

-
- System for elektronisk handel og etablering av integrasjon mot den Offentlege Marknadsplassen (kostnad 0,3 mill)
 - Mobilt utstyr i Heimebaserte tenester for dokumentasjon og effektivisering (0,6 mill)
 - Innføring av felles elektronisk identitet (FEIDE) (0,5 mill)
 - Styrings- og administrasjonssystem for IKT-drift og inventar (0,4 mill)
 - Elektronisk kopling mellom datasystema for PLOMS og Norsk Helsenett (0,2 mill)
 - Tilpassa skrivebordsflate for brukarane (SharePoint) (0,35 mill)

Tiltaka for 2011 vil også fokusere på å ta i bruk allereie investerte programvare (og då særskilt sak/arkivsystemet ePhorte). I tillegg har det dukka opp fleire nye lovpålagde tiltak innanfor pleie og omsorg (PLOMS) og i skule (FEIDE).

System for elektronisk handel gjennom interkommunalt samarbeid om implementering av elektroniske bestillingar og overgang til elektronisk faktura til fullintegrrert løysing gjennom e-handelsportal vil vera eit betydeleg løft for kommunane i anskaffelsesamanheng. Det vil også gje betre og enklare budsjettstyring og mindre tidsforbruk ved det enkelte innkjøp, noko som vil gje kommunane vesentleg vinst på sikt.

5.1.4 Kyrkja, kyrkjegardar

Det er for 2011 framlegg om å løyva kr 6 710 000 til kyrkja, ein auke på 3,2% i høve til året før. Det er planlagt utbygging av ny kyrkjegard med 2000 nye graver. Det ligg føre to godkjente reguleringsplanar for kyrkjegardar på Kattatveit og i Frugården. I reguleringsplan for Frugården er det eit rekkjefølgjekrav om at det berre kan opparbeidast/takast i bruk 500 graver før ny prosesjonsveg er løyst for området. Det er lagt inn 27 mill. i 2011 for innløyning av areal og opparbeiding av minimum 500 graver på Frugården. Vidare utbygging av gravplassar og ny prosesjonsveg er føresett gjennomført i 2015.

5.2 Driftsstyret

Etter omorganisering av dei tekniske tenestene i eigne KF i 2009, og samanslåing av verksemda innanfor pleie- og omsorgstenester til to store einingar i 2010, er kommunen no i ein stabil driftsfase. Ny organisering vert utprøvd og justert. Dei siste åra har det også vore omfattande utskiftingar og nedbemanning i sentrale administrative stillingar, og noko av dette har no stabilisert seg ved tilsetjing i ny stilling som kvalitetsansvarleg/controller og plan- og utviklingskonsulent. Stillinga som HMT-leiar er utvida til heil stilling.

Driftsstyret har saman med Arbeidsmiljøutvalet dei siste åra hatt fokus på tiltak som kan auka nærvær på arbeidsplassane/lågare sjukefråvære, og det er spesielt einingane innan Plo-sektoren som har vore i fokus. Kommunen har hatt god draghjelp i dette arbeidet gjennom Kvalitetskommuneprosjektet, som vart avslutta 1. juli 2010.

For 2011 er målsetjinga for sjukefråværet totalt i Stord kommune sett til 7%, Sjukefråværet var i 2009 7,06%. Tendensen i 2010 viser ytterlegare nedgang. Stor aktivitet på HMT-arbeidet medfører kostnader, og budsjettet som i 2010 har vore noko redusert, er for 2011 tilbakeført til om lag 2009 nivå. Konsekvensen av for små budsjettpostar på HMT-området er at kostnader vert skuba over på driftseiningane. Andre tiltak til felles personalføremål som t.d. kompetanseheving, er også på 2009 nivå. Kommunerevyen er eit felles personalpolitisk tiltak som skal gjennomførast i 2011, to år etter siste førestilling. Det er teke høgde for dette i løyvinga til velferdstiltak. Løyvinga til lærlingar er redusert med kr 500 000, tilsvarande ca 3 årsverk.

Attføringsbudsjettet er styrka med kr 250 000 grunna kjente saker. Frå hausten 2010 og i budsjettåret 2011 vil kommunen vera med i "Hordalandsprosjektet", ei oppfølging av Kvalitetskommuneprosjektet. Tiltak som har vore initiert i dette prosjektet vil då bli vidareført i heile organisasjonen.

5.3 Komité for oppvekst og utdanning

Førebyggjande tenester som er organisert i Eining for sosial og førebyggjande tenester er omtala under kapittel 5.5.

For området er det sett opp følgjande målsettingar for område oppvekst og utdanning for 2011:

MÅLEKART FOR OPPVEKST		
FOKUSOMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLTAL 2011
Utviklingsprosjekt i barnehage, skule og andre aktuelle einingar	Vidareføra aktuelle prosjekt i barnehagane og skulane med vekt på kreativitet og kultur: -språkprosjekt i barnehagane - leseprosjekt, rutinar for spesialundervisning, individuell vurdering, sosial utvikling i skulane - støtteteam for førebyggjande tiltak barnehage og skule Nye prosjekt: - Felles plan for språkutvikling i barnehage og skule - Kulturell barnehagesekk - Samarbeid kulturskulen SFO/grunnskule - 3-årig utviklingsprosjekt knytt til å førebyggja omsorgsovertaking/ plassering utanfor heimen (SIB)	Måltal kjem i egne handlingsplanar Gjennomført i tråd med prosjektplanar Måltal kjem i egne handlingsplanar
Barn og unge med ulik kultur-og språkbakgrunn	Alle barn og unge frå ulike kulturar er deltakarar i sosiale samanhengar og er ressursar for kvarandre i lærings-situasjonar	Måltal i egne handlingsplanar
Kvalitet på tenestene	Barn, unge og føresette opplever høg grad av brukarmedverknad Tenestene samordnar ytingane sine ved systemretta tiltak spesielt med sikte på tidleg og rett hjelp Einingane brukar sentrale og lokale kvalitetssystem målretta for å betra resultat i eininga	4.1 i brukarundersøking 100 %
Fysisk aktivitet og helsefremjande tiltak	Einingar har aktuelle tiltak for å auka kunnskapen om helsefremjande arbeid Barn og unge opplever trygge og stimulerande leike - og opphaldsareal. Kvalitetssikra tiltak til minoritetsspråklege barn og unge i samsvar med rettane.	Måltal i egne handlingsplanar
Kompetanse	Einingane har tilsette med relevant kompetanse i tråd med planar og målsettingar Ferdig plan innan 01.02.11 for å sikra god rekruttering aktuelle einingar	I samsvar med nasjonale mål

5.3.1 Skule, SFO

Resultata i skulen viser at utviklinga går i rett retning. Forholdet mellom talet årsverk lærarar og talet elevar viser ei positiv utvikling. Det er framgang i sosiale dugleikar, trivsel og fagleg rettleiing. Det same geld faglege resultat, særleg lesing. Karakterer og grunnskulepoeng viser og god framgang og plasserer Stord kommune omlag på nasjonalt nivå og i tråd med målsettinga.

Skulane har mange viktige prosjekt som støttar sentrale og lokale mål, som å auka elevane sin kompetanse på lesing og tilpassa opplæring. Til dette krevs det at skulane kan prioritera ressursar til å kjøpa inn varierte typer læremiddel og tekstbøker på ulike nivå. Det er ei utfordring å laga samanheng mellom munnleg språkleg dugleik og lesing, og dette er det intensjon om å arbeida vidare med i 2011. Ein skal framleis arbeida for ein skule med mindre behov for enkeltvedtak etter § 5-1 i opplæringslova. Målet er framleis ikkje nådd, men utviklinga går i rett retning, og midlar vert frigjort til generell tilpassa opplæring.

Fysisk aktivitet i skulen, fokus på vurdering og innføring av anti-mobbeprogram vert følgd opp, men fører til utfordringar når det gjeld kompetanse og at ein klarar å prioritera ressursar inn mot tiltaka. Skulane er vidareført på nivå revidert budsjett 2010. Omfanget av spesialpedagogisk undervisning er vidareført på 2010-nivå. Det ligg inne løyvingar til MOT. Satsen til elevfaktor med kr 600, tilsvarende 2 mill kr i heilårsverknad. Leksehjelp og timetalsauke frå hausten 2010 er og lagt inn med heilårsverknad. Budsjettframlegget legg til grunn delingstal 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Ein har ikkje funne rom for å auka budsjettet etter vedtaket i komiteen om lågare delingstalet i 2011, noko som ville ha auka kostnadane med 2,6 mill i 2011 (heilårsverknad drøyt 6 mill kr).

Det er ikkje funne rom for nye vidareutdanningstilbod til lærarar etter sentrale avtalar i 2011. Det er lagt inn kr 50 000 til oppfølging av prosjektet Ungt entreprenørskap i regi av Atheno AS.

Det er forslag om å utsetta oppstart av naudsynt rehabilitering av Stord ungdomsskule til 2014. Rådmannen har ikkje funne plass til oppstart i 2012 slik det er føresett i gjeldande økonomiplan. Det gjenstår likevel å finna inndekning på driftsbudsjettet i neste planperiode av auka kapitalkostnader som følgje av tiltaket. Det er lagt inn vidareføring av planlegging av rehabilitering/nybygg Stord ungdomsskule i 2011 med 0,5 mill til ferdiggjering av arkitektkonkurransen.

Rådmannen har etter oppdrag frå kommunestyret greidd ut pedagogiske og økonomisk/administrative konsekvensar, samt andre vesentlege moment, av å overføra elevar frå Litlabø skule til andre barneskular frå skuleåret 2011-12. Utgreiinga, som viser innsparingar på anslagsvis 3 mill i 2011 (heilårsverknad 6,5 mill), vert lagt fram for komiteen sitt møte i oktober. Ein legg til grunn at det vert gjennomført ei politisk vurdering før ein tek stilling til ev. nedlegging frå og med hausten 2011, m.a. i høve til korleis ein ser for seg den vidare bustadutbygginga i kommunen.

I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,5 mill til skulane. Det er lagt inn 0,5 mill. til oppretting av feil ved varmpumpe og manglar ved sprinklaranlegg i Sagvåg skule. Det er lagt inn 0,55 mill. for kjøp av brakker ved Langeland skule. Ut frå dagens avtale og leigepris vil det løne seg å kjøpe ut brakkene i staden for leige. Slik investeringsplan ligg føre vil det ta tid før Langeland skule får løyst sine kapasitetsproblem permanent. Kr 5 mill som gjeld Nordbygdo Ungdomsskule er finansiering av allereie vedteken løyving. Hystad skule ligg inne i 2014 med kr 20 mill. til oppgradering/nye klasserom m.m., til erstatning for "paviljongen".

5.3.2 Barnehagar

Alle med rett til barnehageplass i 2010 har fått plass. Det er likevel ventelister særleg for små barn. Frå januar 2011 vert det ledige plassar ved endring i aldersgrupper. Sæ barnehage planlegg ny barnehage og auke på 30 plassar i høve til i dag. Om desse vert klare i 2011 er usikkert. Avdeling Litlabø vert opna att 15. november med 10 barn, medan det er lagt inn full drift (21) frå 2011.

Kommunen har utfordringar i høve til fleire barnehageplassar i området Heiane/ sentrum. Tal frå SSB syner auke i fødselstal på 50 i 2009. Aukar fødselstalet på same nivå, vil det føra til behov for ytterlegare ein ny barnehage i privat eller kommunal regi.

Utfordringa for barnehagane er stort sett økonomisk, men og i høve til tilrettelegging av det fysiske miljøet og universell utforming. Barn under tre år er dyrare i drift grunna personalbehov, og i tillegg krev dei minste barna større areal. Skogatufto barnehage har behov for totalrenovering. Opprusting av avdeling Litlabø til å ta imot born under 2 år skal vurderast av komiteen hausten 2010.

Offentleg tilskot til barnehagedrift er no lagt i det kommunale rammetilskotet frå 2011. Nye forskrifter er under utarbeiding. Dei vil venteleg innehalda ein sikringsregel om at private barnehagar skal ha minst like stor del av offentlig finansiering i 2011 som dei fekk i 2010.

Stord kommune vil i 2010 betala 21,7 mill kr i tilskot til private barnehagar som staten har kompensert for i form av skjønsmidlar. Frå 2011 vert øyremerka statstilskot og skjønsmidlar lagt inn i rammetilskot til kommunane. Budsjettet til kommunale barnehagar har vidareført rammene på revidert budsjett 2010. I tillegg er avdeling Litlabø lagt inn med full drift. Dersom plassane ikkje vert fylt opp, vil det ikkje vera mogeleg å halda budsjetttramma. Tilskotet til private erstattar tidlegare statstilskot og skjønsmidlar og er lagt inn med 82 mill tilsvarande om lag dei øyremerkte midlane i 2010. Forskrifta som skal styra kommunen si handsaming av tilskotsordninga er enno ikkje er vedteken. De er difor uvisst om summen er rett budsjettet.

I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,3 mill kr til barnehagane. Post for miljøstasjonar er justert opp med 0,3 mill. til 0,5 kvart år og er føresett å og kunna gå til vognskur i barnehagar. Dette er gjort med bakgrunn i stor auke av småbarn i barnehagane og dermed behov for eigen skjerma stad for soving/oppbevaring av vogner. Skogatufto barnehage ligg inne i 2014.

5.3.3 Kulturskulen

Kulturskulen har 682 elevplassar og 22 tilsette (13,5 årsverk). Skulen har auka elevplassane frå 2009 til dette skuleåret med over 100 plassar utan å auke undervisningsressursen. Det er framleis mange som står på venteliste. Kulturskuleramma er lik revidert budsjett 2010, dvs at talet elevplassar er vidareført.

I 2010 har skulen fått nye leigde lokale til danseundervisning m.m. Undervisningslokala i Kulturhuset er vurdert som små og utsett for støy. Det vil verta sett i gang ei kostnadsanalyse for utbetring av undervisningsromma i Kulturhuset.

Kulturskulen har saman med Fitjar kommune, høgskulen og museet søkt om 2 mill i utviklingsmidlar frå øyremerkte statsmidlar til kulturskuleutvikling. Positivt svar på søknaden vil resultera i utvida tilbod, også innanfor nye område, og reduserte ventelister.

5.3.4 Barnevern

Barnevernet har i 2010 hatt overskriding på budsjettet, høgt sjukefråvær, og har måtta kjøpe tenester for å halda pålagte tidsfristar. Det har vore fokus på å betra arbeidsmiljøet m.a. ved å tilsetje faste vikarar, for å avbøta konsekvensane av høgt sjukefråvær og mange permisjonar. Sakshandsamingstida har betra seg slik at ein hausten 2010 i hovudsak ligg innanfor lova sine fristar. I tillegg har ein analysert kostnadsveksten og sett inn tiltak for å få ned kostnadane og auka refusjonar frå statleg nivå (BUFETAT).

Sunnhordland interkommunale barnevern har ikkje vaktordning. Dermed er det tilfeldig korleis akutte saker vert ordna utanom arbeidstid. Det er ikkje tilfredstillande verken for barnet, dei tilsette eller resten av tenesteapparatet. Kostnadane med ei slik ordning er om lag 1 mill fordelt på kommunane i SIB, men det er ikkje lagt inn i budsjettet for 2011.

Barnevernet sitt tiltaksbudsjett ligg ca 700 000 i overkant av revidert budsjett 2010, dette er for å ta høgde for fleire omsorgssaker og tiltak i eigen heim. I tillegg har staten løyvt øyremerkte midlar som vert tildelt etter søknad. Pengane skal fortrinnsvis nyttast til fleire stillingar i barnevernet. Hordaland får ca 22 millionar til vidarefordeling. Denne summen skal administrerast av Fylkesmannen og fordelast etter søknad som skal vere handsama i kommunestyret. Fordeling skal skje etter ei samla vurdering med ulike kriterier. SIB vil laga forslag til søknad for kommunane Fitjar, Bømlo og Stord.

5.4 Komité for næring, miljø og kultur

Følgjande målsettingar gjeld for området i 2011:

MÅLEKART NÆRING, KULUR OG MILJØ		
FOKUSOMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLEPARAMETER FOR 2011
Byutvikling	Stord skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidretta lokalsenterstruktur	Framdrift i prosjekt kulturhuset, vegløyningar i sentrum, nybygg på torget, utbygging institusjonsplassar
Miljø	Redusert energibruk i hushalda og vare – og tenesteproduksjonen er meir energieffektiv	Stord rådhus er sertifisert som miljøfyrtårn. Arbeidet med sertifisering av kommunale skular og barnehagar er starta Oppvarming av kommunale bygg skal energioekonomiserast
Trivnad	Stord kommune har eit breitt utval av kulturtilbod. Bibliotek, kino og kulturskule skal ha god kvalitet	Sak om Kulturhuset si framtid avgjort
Strategi og beredskap	Stord kommune skal ha fokus på samfunnstryggleik og beredskap og vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i	Branndokumentasjonen i Stord kommune er revidert Risiko- og sårbarheitsanalyse skal følgjast opp i alle plandokument
Areal	Kommunedelplan for trafikkisikring skal rullerast	Trafikkisikringsplan er revidert

5.4.1 Kultur og idrett

Kulturbudsjettet er eit samansett budsjett. Det inkluderer alt frå ulike tilskotspostar, prisar, stipend, fritidsklubbar og internasjonalt arbeid, til drift av kulturhuset. Kinoen, som er eige forretningsområde, er digitalisert og den store kinosalen er rusta opp med ny lyd og nye stolar. Det er rift om kinosalen, noko som vitnar om stor aktivitet både frå det lokale kulturlivet og andre kulturtilbydarar. Småsalen er i auka grad brukt til møte og konferansar. I symjehallen er det mest ikkje ledig tid. Kulturhuset er ein populær møteplass i sentrum.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er vedteken. Ein har ikkje ressursar til å følgja opp planen på ein tilfredsstillande måte. Kulturtenester driv utstrakt samarbeid med eksterne for å kunna gjennomføra prosjekt (teaterfestival, barnebokfestival, store utstillingar m.m.). Å oppretthalda

løyvingar til dette gjer at ein og kan søkja midlar andre stader. Møteroms- og kontorlokala i Kulturhuset er ikkje gode og det er ei utfordring å vera å jour med teknisk utstyr til scene og liknande.

Drifta blir i 2011 oppretthalden på om lag same nivå som 2010. Det ligg inne kr. 0,75 mill til lag og organisasjonar i samsvar med frivilligmeldinga. Kommunesamarbeidet Stord-Comalapa (MIC) vert vidareført. Det blir teaterfestival og Falturiltu også i 2011. Gjennom samarbeid og ”den kulturelle skulesekken” skal skuleelvar få kunst og kultur på høgt nivå. Det skal søkjast om midlar til ”spaserstokken” og kulturomsyn skal takast i planlegginga av nye sjukeheimplassar. I 2011 blir det montert 3D utstyr og nytt lerret i den store kinosalen. Det blir løyvt midlar til tautrekka på scenen og Kulturhuset si framtid skal avklarast gjennom eige prosjekt. Dette vert fremja gjennom eiga sak, parallelt med budsjethandsaminga.

Det er ikkje lagt inn midlar til Fyrøya i økonomiplanperioden. Det må vurderast i samband med at Stord kommunale eigedom KF fremjar sak for kommunestyret om avtale om lending, vegløyning og oppgradering. Det ligg heller ikkje inne løyving til delfinansiering av konservator ved Sunnhordland museum.

Styret i Stord idrettspark a.s. har peika på særskilt trong for investeringstiltak ved idrettsanlegget på Vikahaugane. Dette føyer seg inn saman med mange andre innspel om investeringstiltak ved kommunen sine bygg og anlegg. Desse tiltaka er også vurdert opp mot kommunen sine primeroppgåver og føretaket har etter ei stram vurdering prioritert rehabilitering av garderobar/dusj i gamle hallen og nytt golv i nye hallen på Vikahaugane. Rådmannen sluttar seg til desse vurderingane. Det er lagt inn til saman 12,0 mill. i perioden, fordelt over 2 år med 6,0 mill. i 2011. Kommunal overføring til drift er vidareført med kr 0,4 mill.

I Prestegardsskogen er det sett av 0,1 mill. til asfaltering/bom/skilting, og 0,15 mill. til oppgradering av ljøs på ballbanen.

5.4.2 Bibliotek

Folkebiblioteket har om lag 55-60 000 besøk årleg. Aktiviteten gjeld hovudbibliotek i Kulturhuset, Litlabø filial i Samfunnshuset og utlånsordning for barn/ungdom på Nordbygdo ungdomsskule. Biblioteket har nært samarbeid med m.a. skulesektor og barnehagar. Biblioteket har gode lokale for hovudbibliotek og filial.

Biblioteket har knappe rammer når det gjeld personale og økonomi. Ei medieløyving på kr 225 000 vil gjera det mogleg å både byggja ut med nye media og halda mediasamlinga å jour. Det er stor slitasje på samlingane. Ut frå kommunestorleiken burde biblioteket auka bemanninga med 1/2 til 3/4 stilling.

For 2011 har biblioteket forventningar til samarbeidet som er mellom folkebiblioteka i Sunnhordland m.a. når det gjeld utveksling av media og profilering. I framlegget til budsjett er innarbeidd investeringar i AV-media, oppgradering av IKT-utstyr og datatilpassing. Drifta vil bli vidareført om lag på same nivå som i 2010. Bibliotekverksemda retta mot barn, og samarbeidet mellom folkebiblioteka i Sunnhordland vil vere særlege innsatsområde.

5.4.3 Brann og feiing

Budsjettet legg opp til om lag same driftsnivå som i 2010. Det er bare i liten grad teke høgd for budsjettavviket eininga har hatt i samband med høgt tal brann og ulukker. Sidan dette er variable kostnader har ein i staden oppretta eit felles sentralt beredskapsfond, jf avsnitt 5.1.2. Det ligg inne kr 0,5 mill kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden.

5.4.4 Veg, grønt og park

Eininga har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale vegar, trafikksikring, parkeringsplassar, park og grøntanlegg. Drifta er vidareført på om lag same nivå som i år. Det ligg inne kr 23 520 mill til kommunale veganlegg inkl. trafikksikring og investeringar i utstyr i økonomiplanperioden.

Avgiftsparkering er eit eige forretningsområde knytt til eininga. Nytt regelverk kan medføre at kommunen må organisere parkeringsordninga på anna måte.

Kommunen har søkt departementet om BRA- midlar - midlar for betre tilgjenge til offentlege transportmiddel - til opparbeiding av busslommer i Leirvik sentrum. Søknaden gjeld for 2011. Kommunestyret vedtok i juni dette:

”Kommunestyret ber om at løyving til opparbeiding av busslommer i Leirvik sentrum med brutto kostnad 5,6 mill kr, jf søknad til Statens vegvesen av 1.6.2010, vert innarbeida i budsjettet for 2011.”

Det er føresett 75% finansiering av prosjektet, slik at netto kostnad med prosjektet er 1,4 mill. Departementet vil ta stilling tilsøknaden så snart Stortinget har handsama budsjettet for 2011.

5.4.5 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk og miljøkontor er vidareført på same nivå som i fjor. Det er føreslege tilskot/driftsstøtte til næringsverksemd slik for 2011:

- SNU AS, driftstilskot, kr 1 725 000
- Prosjektet Liv og Lyst, Huglo, kr 30 000
- Business Region Bergen, driftstilskot, kr 117 000
- Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 30 000

Søknad om midlar til reiselivssatsinga frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 215 000, er ikkje prioritert. Det er heller ikkje lagt inn midlar øyremerka oppfølging av klima- og energiplanen. Det ligg inne kr 390 000 pr. år i driftstilskot til Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

5.4.6 Regulering, byggjesak, oppmåling

Eininga har merka at byggeaktiviteten i Stordsamfunnet har gått noko ned. Det medfører ei ekstra utfordring i høve til å nå inntektsmålet. Det er ikkje framlegg om å auka gebyrsatsane. RBO er forsterka med 0,5 årsverk som følgje av at ansvaret for arealdelen av kommuneplanen er overført til eininga.

5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg

Følgjande målsettingar gjeld for området i 2011:

MÅLEKART REHABILITERING, HELSE OG OMSORG		
FOKUSOMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLEPARAMETER FOR 2011
Planprosessar heildøgns- og dagplassar	Fleire plassar er vedtekne	Politisk vedtak om utbygging
Rekruttering	Etablert fleire rekrutteringstiltak	Auka tal søkjarar
Individuell plan	Individuell plan vert brukt som reiskap	Auke i tal på IP
Folkehelsearbeid	Gjennomført tiltak i høve partnerskap for folkehelsa	Tal gjennomførte tiltak
Samarbeid mellom kommunar og helseføretak	Det vert laga tiltak som er basert på samarbeid mellom føretak og kommunar. Betre pasientflyt, rett behandling på rett stad til rett tid	Redusert tal på ferdigbehandla som ligg på sjukehus. Auka tal på inn- og utskrivingar på kommunale institusjonar Nye samarbeidsavtalar etablert

Det har vore auka ressursinnsats og aktivitet innan rehabilitering, helse og omsorgstenester også i 2010. Dette har synt att ved budsjettrevisjonane, der det har vore rapportert overskridingar. Kommunen har vel 40 institusjons-/ heildøgnsomsorgsplassar mindre enn statleg norm (25% av 80 år+). For å sikra forsvarleg hjelp har ein i løpet av året omfordelt midlar innan tenestene og prioritert å opna 13 plassar ved Rehabiliteringssenteret. I budsjettforslaget er dette vidareført med 11 plassar.

Det er ein auke i tal på eldre i kommunen, særleg av personar over 90 år. Statistisk har ca 40% av personar over 90 år ein demenssjukdom og mange av desse er til dels sterkt hjelpetrengande. Av innbyggjarar over 80 år i kommunen er det 6% færre som får hjelp enn landsgjennomsnittet. Dette kan skuldast stram tildeling av tenester, friske innbyggjarar, eller begge deler.

For å møta utfordringane har pleie og omsorgstenestene effektivisert ved å auka direkte tid hos brukarane og redusert nokre tiltak. Bruk av handhalde datamaskin for dokumentasjon i heimetenestene vert starta opp i haust og fullført våren 2011.

Brukarar ved Hamna kontaktsenter held brukarope kvar ettermiddag, helger og høgtider. Førebyggjande helsetenester har etterslep på helsekontrollar til to- og fire åringar. Ei aukande gruppe av unge med til dels store rusvanskar og psykiske vanskar søker kontakt med kommunen. Fleire av desse er under 18 år.

Det er aukande arbeidsløyse i kommunen, 4 prosent pr sep. 2010. Dette er høgast i Hordaland. Ein ser at dette m.a. fører til auke i behov for sosialhjelp.

I samband med Samhandlingsreforma er det sterke føringar for auka samhandling mellom helseføretak og kommunane i samband med pasientflyt og koordinering av tenester. Kommunen er med i fleire

samhandlingsprosjekt i samarbeid med helseføretak, nabokommunar og HSH, både i samband med somatikk, psykisk helse, rus og både i høve barn og vaksne. Legetenesta og legevakta må utviklast i høve lokale behov og føringar i samhandlingsreforma.

I høve auke i tal på eldre og avgrensa ressurstilgong er det viktig at tenesteapparatet har fokus på eigenmeistring i møte med brukarane. Her er førebyggjande arbeid, folkehelsearbeid, nettverkstiltak og lærings- og meistringsstrategiar viktig.

Dei som får heildøgns omsorgstilbod har omfattande hjelpebehov. Dette fører m.a. til auka behov for kompetanse innan mange nye område. Samtidig ser ein rekrutteringsutfordringar og utfordringar i å sikra rett kompetanse innan heile tenesteområdet.

Då kommunen har få institusjonsplassar er det ei utfordring å gi nok hjelp til heimebuande med demens. Samtidig er det viktig at plassane me har til disposisjon vert brukt rett i høve innbyggjarar som treng dei mest. Det er også viktig å koma i forkant av framtidige behov for heildøgnsomsorgstilbod. Forventa behov er 65 nye plassar innan 2020 og ytterlegare 42 innan 2025.

Det vert jobba med samanhengande plan for barselomsorga i Helse Fonna kommunane. Dette kan bety behov for ei omfordeling av jordmor og helsesøstertenesta. Talet på barn og ungdom har auka utan at helseressursen til desse har gjort det same.

Det har ikkje vore auke i heimlar for fysioterapeutar på mange år sjølv om det har vore stor auke i folketal i kommunen. Dette gjer at ikkje alle innbyggjarane får dei fysioterapitenesta dei har behov for, det er lange ventelister og nokre grupper blir nedprioriterte.

Auken av unge personar til NAV kontoret fører til behov for ekstra innsats. Ved tidleg intervensjon kan ein førebyggja langvarig skeivutvikling. Samarbeid på tvers av einingar, tenester og med pårørande vert ei stor utfordring i høve yngre innbyggjarar.

Det er stort behov for fleire dagplassar for personar med utviklingshemming og for bustadar til vanskelegstilte. Fleire ungdommar med utviklingshemming avsluttar vidaregåande skule dei neste åra og har behov for eit bu- og aktivitetstilbod.

Ein kan risikera vidare auke i arbeidsløyse ved sviktande ordretilgong i lokal industri. Dette vil i så fall medføra auka behov for sosialhjelp og ressursar ved NAV kontoret.

Nye retningslinjer for LAR (legemiddelassistert rehabilitering) medfører at fleire får tilbod. Det medfører også sju dagars tilbod.

Krisesenteret vert kommunalt frå 2011. Det vert fremja ei eiga sak om oppretting av eit felles krisesenter for området Haugalandet, Sunnhordland og Indre Hardanger. Det er sett av 0,65 mill i budsjettet til tiltaket.

5.5.1 Sosialtenester, NAV

Økonomisk sosialhjelp er vidareført på om lag same nivå som i 2010- budsjettet. Det er ikkje teke høgd for kostnadsveksten grunna auka tal klientar. Ordninga med Flyktningeguide vert ikkje vidareført i 2011. Ein tek sikte på å ta i mot 10 nye flyktningar i 2011 i samsvar med kommunestyrevedtak.

5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester

Eininga løyste rammereduksjonen i samband med budsjettrevisjonen i 2010 ved å auke inntektene. Når inntektene ikkje vert vidareført medfører dette utfordringar som eininga må løyse ved interne omprioriteringar i 2011. I høve saldert budsjett er ramma likevel auka for å finansiere éin stilling på Probis, Ytre Sunnhordland samhandlingsteam og ny organisering av krisesenteret. Finansiering av brukarope (kveld, helgar) ved Hamna kontaktsenter er ikkje vidareført.

5.5.3 Habilitering

Området er styrka for å betena nye brukarar i 2011. Dette gjeld både Sæbø gard og nokre av bustadane. Det er ikkje lagt inn midlar til drift av nytt bufellesskap i Knutsaåsen, som ein reknar med står ferdig mot slutten av året. Anlegget kan difor først verta teke i bruk i 2012.

Stord kommune har pålegg frå Fylkesmannen om å leggja til rette for fleire dagtilbod. Eksisterande tilbod er fullt. Då det ikkje er rom i budsjettet for permanent dagtilbod for utviklingshemma før utgangen av perioden, må dette løysast med ei mellombels brakkeløysning på Sæbø gard. Det er lagt inn 2,0 mill i 2011 til dette. Trongen for permanent dagtilbod for utviklingshemma er aukande og vil alt i 2012 vera kritisk. Ei samordning/samlokalisering av dette tilbodet vil redusere driftskostnadane. På grunn av store investeringsbehov er det likevel ikkje funne rom for byggestart før i 2014.

5.5.4 Institusjonsdrift

Stord sjukeheim er vidareført med små justeringar i høve 2010. Knutsaåsen omsorgsenter er finansiert gjennom vedtak og budsjettet på kundetorget er styrka noko for å ta høgd for aukande omsorgsbehov hos dei som bur på senteret.

Det er sett av kr. 46 mill til 16 nye institusjonsplassar. Reguleringsplanarbeid for tilretteleging av utbygging på eigdommen ved Stord sjukeheim er starta opp. Med normal framdrift vil reguleringsplanen verta godkjent til sommaren 2011. Ut frå dette kan ein pårekne oppstart byggerarbeid tidlegast i 2. halvår 2011. Det må forventast at utbygging med 16 plassar må bera ein større grunnlagsinvestering slik at ein også legg til rette for framtidig utbygging/utnytting av område. Befolkningsframskrivinga for Stord kommune syner ein jamn vekst i talet på eldre i åra som kjem. Det er difor trong for ei vidare auke av nye sjukeheimplassar. I perioden 2011-2014 ligg det også inne ei vidare utbygging med 36 nye plassar. I og med at spørsmålet om kjøp av Ådland studentheim er brakt på banen er det i skrivande stund opent om ein skal gå vidare med den eine eller andre løysinga.

5.5.5 Aktivitet og rehabilitering

Det er sett av midlar til drift av 11 sengeplassar ved rehabiliteringssenteret i 2011. Dagrehabilitering er vidareført med 3 periodar a 6 veker. Trass i befolkningsutviklinga og auka krav til førebygging og

samhandling er det ikkje funne rom til å auke stillingar for fysio- og ergoterapeutar, eller auke ressursane til formidling av tekniske hjelpemiddel. Kjøp av ny buss til transport av funksjonshemma er utsett.

5.5.6 Heimebaserte tenester

Heimebaserte tenester er vidareført på om lag same nivå som 2010 og ein må i 2011 arbeide vidare med forankring av den nye organisasjonsmodellen. Arbeidet med effektiviseringstiltak og samlokalisering må ha fokus. Det er lagt inn kr. 0,6 mill til investering i mobilt utstyr. Drift av nytt bufellesskap i Apalvegen er finansiert med psykiatrifond og vil såleis vera ei utfordring ved rullering av økonomiplanen.

5.5.7 Kundetorget

Kundetorg fordeling er vidareført på faktisk driftsnivå 2010, som tilsvarar ein auke på om lag kr 3 mill i høve revidert budsjett 2010. Ein ser likevel ikkje at dette i tilstrekkeleg grad tek høgde for den demografiske utviklinga i 2011.

5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov

Planlagt bygging av 21 bustader vert gjennomført 2011 og 2012. Kostnadane med utbygginga er høgare enn kalkulert. Dette kan m.a. forklarast med at det er manglande erfaring med bygging av lågenergi/passivhus. Desse er og meir omfattande og ressurskrevjande å bygga. Husværa er 100% finansiert av Husbanken med lån og tilskott. Bustadar skal vera sjølvfinansiert med husleige som skal dekke lån (renter og avdrag) og FDV kostnad. Med frådrag for meirverdiavgift og tilskott frå Husbanken er husleiga berekna til å utgjera kr. 7.500,-/mnd. Eventuell bustønad vil også vera med å redusera husleiga. Det er ein føresetnad at kommunen dekker tomtekostnadane.

5.6 Kommunale føretak

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter. Kommunestyret vedtek budsjetttrammer for Stord vatn og avlaup KF. For Stord kommunale eigedom KF fastset kommunestyret budsjett inklusiv internhusleige.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i §2 i Forskrift om særbudsjett, særrekningskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggjast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

5.6.1 Stord kommunale eigedom KF

Overføringa til føretaket er todelt. Kommunen kjøper reinhaldstenester samt at kommunen vert belasta med ei intern husleige. Internhusleiga skal reflektera kostnaden ved arealbruk, og skal dekkja føretaket sine drifts- og kapitalkostnader og vedlikehald. Føretaket har ført opp 19 mill kr som inntekter reinhald for kommunen. Rådmannen tilrår å kjøpe reinhaldstenester for 17,0 mill kr som er ein auke på 1,5 mill kr frå revidert budsjett 2010.

Rådmannen gjer vidare framlegg om den samla internhusleiga vert sett til kr 93 787 000 og eit eigaruttak på kr 78 167 000. Eigaruttaket vert definert som faktiske kapitalkostnader med tillegg av differansen mellom føreslegne og faktiske FDV-kostnader. Frå føretaket var det føreslege eit eigaruttak på kr 76 922 088. Rådmannen har ikkje funne rom for styrka budsjettet til føretaket for å dekkja inn akkumulert underskot. Netto disponibelt for føretaket vert kr 15 620 000, ein auke på kr 1 120 000 i forhold til revidert budsjett 2010.

5.6.2 Stord vatn og avlaup KF

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp, er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane (kommunedelplanane) - hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn og avløpsanlegg. Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning blei revidert i 2006. På avløpssida er dei nye vedtekne reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) med og overstyrer kommunedelplanen. Budsjettet for 2011 har med estimerte konsekvensar som denne endringa på avløpssida fordrar. Dersom desse krava blir endra vil dette få fylje for budsjetta vidare framover.

Det er lagt opp til ei investeringsramme innanfor vassforsyning på 24,2 mill i 2011, avlaup og reinsing 31 mill. Det vert elles synt til vedlagde budsjettframlegg frå KF'et. Føretaket legg opp til følgjande kommunale eigedomsgebyr for 2011:

Eigedomsgebyr 2011 (eks mva)		2010	2011	Auke kr
Vassavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 013	3 013	0
	Tilknytingsavgift	15.000	15.000	0
Avløpsavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 595	3 739	144
	Tilknytingsavgift	15.000	15.000	0
Slamtømming	Årsavgift bustad (4 m ³)	700	740	40
	Årsavg. fritidsbustad (4 m ³)	360	380	20
Renovasjon	Standard løysing SIM	1 740	1 815	75
	Kommunal eigendel	75	100	25

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

6. Finans, avgifter, betalingsattsar

6.1. Gebyr og betalingsattsar

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 10% på gebyr for feing og brannsyn. Elles er det ikkje lagt opp til avtiftsauke. Saker om betalingsattsar vert lagt fram for komiteane i medhald av gjeldande fullmakter.

6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld ekskl. startlån vil ved utgangen av 2010 vera på kr 970 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr 4 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr 78 mill. Netto kommunal gjeld vert kr 888 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter lånegjelda pr 31.12 2009, eksklusiv lån knytt til VA-sektoren. Låneopptak 2010 vert vekta i samsvar med føremålet med investeringane. Gjennomsnittleg vekta avdragstid for lånemassen er 30 år. For lån tekne opp i 2010 vert vekta avdragstid 35 år. Dette gir minimumsavdrag på kr 28,6 mill for 2011.

I budsjettet har rådmannen lagt til grunn avdrag på kr 29 mill i 2011, som er innanfor kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

Foreslått låneopptak i perioden (1000 kr)	2011	2012	2013	2014
Startlån	20 000	20 000	20 000	20 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	55 226	80 142	83 159	78 907
Andre lån	83 570	62 076	74 976	77 364
Sum låneopptak	158 796	162 218	178 135	176 271

Lånegjeld per 31.12 (mill kr)	2010	2011	2012	2013	2014
Total lånegjeld	970,0	1099,9	1229	1368,7	1501,4
Formidlingslån/startlån	-78,0	-95,5	-112	-127,5	-142
Eigne lån	892,0	1004,4	1117,0	1241,2	1359,4
Utlån til Stord Hamnstell	-3,6	-3,3	-3,1	-2,9	-2,7
Lån finansiert over VA-området	-357,9	-399,8	-464,9	-530,4	-590,1
Sum lån ekskl. VA og hamn	530,5	601,3	649,0	707,9	766,6

Av auken i kommunal lånegjeld på 236 mill 1.1.2011 til utgangen av 2014 er 23,7 mill kr knytt til sjølvfinansierende utleigebustader.

Berekna renter og avdrag (1000 kr)	2011	2012	2013	2014
Renteutgifter ekskl. startlån	38 150	45 499	49 900	56 258
Avdragsutgifter	29 000	33 629	38 370	43 641
Sum rente og avdrag	67 150	78 128	88 270	99 809

Det er lagt til grunn ei flytande rente 3,0% i 2011 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. For 2011-2014 er det rekna med ei gjennomsnittleg flytande rente på 3,5%. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vert nedbetalt over 30 år.

Investeringsprogrammet fører til auke i kommunen sine finansutgifter i økonomiplan perioden på 32 mill kr. 66% av denne utgifta vert dekkja av dei kommunale eigeomsavgiftene.

I årsbudsjettet for 2011 er det forventa slik avkastning på kommunen sine midlar:

Aktivaklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr.
Lån egne selskap og idrettslag/kontanter	9 000	3,50 %	300
Pengemarknad	60 000	3,40 %	2 000
Obligasjonar	50 000	3,50 %	1 700
Aksjar	40 000	7,00 %	2 800
Andel kraftselskap			3 000
Renter av andre plasseringar og utlån			5 800
Sum			15 600

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca 3 mill), renter av bankinnskott, skattetrekkkonto, morarenter (0,7 mill).

7. Vedlegg

7.1 Økonomiplan drift

7.2 Økonomioversyn drift 1

7.3 Økonomioversyn drift 2

7.4 Investeringsbudsjett

7.5 Spesifikasjon investeringar

7.6 Stord kommunale kino

7.7 Budsjettframlegg Stord kommunale eigeendom KF

7.8 Budsjettframlegg Stord vatn og avlaup KF

Vedlegg 7.1 Økonomiplan drift 1A

Budsjettskjema 1A

36

	Rekneskap 2009	Budsjett 2010	Budsj. 2010rev	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER							
2 Skatt på inntekt og formue 1)	-388 629 878	-412 600 000	-412 600 000	-393 441 000	-398 904 000	-404 658 000	-410 358 000
3 Ordinært rammetilskudd 1)	-148 549 999	-152 000 000	-152 000 000	-325 059 000	-334 659 000	-342 059 000	-349 459 000
4 Skatt på eiendom	-	-	-	-	-	-	-
5 Andre direkte eller indirekte skatter 2)	-	-	-	-	-	-	-
6 Andre generelle statsilskudd 3)	-102 313 068	-108 350 000	-109 350 000	-24 350 000	-24 850 000	-24 850 000	-24 850 000
7 Sum frie disponible inntekter	-639 492 945	-672 950 000	-673 950 000	-742 850 000	-758 413 000	-771 567 000	-784 667 000
FINANSINNTEKTER-/UTGIFTER							
9 Renteinntekter og utbytte 4)	-29 367 569	-15 000 000	-18 000 000	-15 600 000	-16 200 000	-16 800 000	-17 400 000
10 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	28 056 481	29 375 000	32 875 000	38 150 000	45 499 000	49 900 000	56 258 000
11 Avdrag på lån	24 450 101	27 000 000	27 000 000	29 000 000	33 629 000	38 370 000	43 641 000
12 Netto finansinntekter/-utgifter	23 139 013	41 375 000	41 875 000	51 550 000	62 928 000	71 470 000	82 499 000
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER							
14 Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merfc	14 839 267	1 859 000	12 759 000	-	-	-	-
15 Til ubundne avsetninger	-	-	-	-	-	-	-
16 Til bundne avsetninger 5)	2 197 569	3 000	3 000	-	-	-	-
17 Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbrn	-	-	-	-	-	-	-
18 Bruk av ubundne avsetninger	-6 511 290	-50 000	-59 216	-	-	-	-
19 Bruk av bundne avsetninger 5)	-7 203 959	-713 000	-2 123 029	-1 205 000	5 000	5 000	5 000
20 Netto avsetninger	3 321 587	1 099 000	10 579 755	-1 205 000	5 000	5 000	5 000
FORDELING							
22 Overført til investeringsbudsjettet	-	2 743 000	2 743 000	11 190 000	10 800 000	16 850 000	23 180 000
24 Til fordeling drift	-613 032 345	-627 733 000	-618 752 245	-681 315 000	-684 680 000	-683 242 000	-678 983 000
26 Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	613 032 345	624 598 000	618 752 245	681 314 069	684 511 069	683 200 069	678 537 069
28 Merforbruk/mindreforbruk = 0	-	-3 135 000	-	-931	-168 931	-41 931	-445 931

Vedlegg 7.1 Økonomiplan drift

1 Skatt og rammeoverføring

(mill. kr)

Sum rammetilskudd ekskl. inntektsutjevning

Selskapskatt

Netto inntektsutjamning

Sum rammetilskudd

Skatt på inntekt og formue) vårt anslag

Sum frie inntekter

Endring i dei frie inntektene (%)

2010 anslag	2011	2012	2013	2014
154 765	328 498	338 145	345 596	353 046
0	0	0	0	0
-3 613	-3 439	-3 486	-3 537	-3 587
151 152	325 059	334 659	342 059	349 459
417 186	393 441	398 904	404 658	410 358
568 338	718 500	733 563	746 717	759 817
7,35 %	25,8%	2,20 %	2,10 %	2,00 %

Det er lagt til grunn ein folketalsvekst på 1,5 % perioden.

3 Andre generelle statsstilskot

Flyktningetilskot

Statsstilskot flyktningemottak Heiane

Rentekompensasjon skuleanlegg reform 97

Rentekompensasjon skuleanlegg ramme 47,4 mill

Rentekompensasjon omsorgsbustader/institusj plasser

Rentekompensasjon kyrkjebygg

Rentekompensasjon rehabilitering skular og basseng

Sum

2011	2012	2013	2014
-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000
-800 000	-800 000	-800 000	-800 000
-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000
-3 900 000	-4 400 000	-4 400 000	-4 400 000
-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000
-24 350 000	-24 850 000	-24 850 000	-24 850 000

4 Finansbudsjettet

Berekn utbytte frå SKL

Avkastning av kapital 150 mill

Rente av anna bank og andre fordringer

Renter av kommunale utlån

Sum renteinntekter

2011	2012	2013	2014
-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
-6 500 000	-6 500 000	-6 500 000	-6 500 000
-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
-3 100 000	-3 700 000	-4 300 000	-4 900 000
-15 600 000	-16 200 000	-16 800 000	-17 400 000

Renteutgifter er berekna utifrå dei faste avtalane

kommunen har samt at flytande renter for 2011

er stipulert til 3,0 % i gjennomsnitt. For perioden 2011 -2014 er flytande rente sett til 3,5 %. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vert nedbetalt over 30 år.

Avdrag

38 150 000	45 499 000	49 900 000	56 258 000
29 000 000	33 629 000	38 370 000	43 641 000

5 Avsetninger

Avsett til bundne fond VA

Bruk av bundne fond heimebaserte tenester

Bruk av bundne fond biblioteket

Dekking av tidlegare års meirforbruk

Overført til investeringsrekneskapen (momskompensasjon investeringar)

2011	2012	2013	2014
-1 200 000			
-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
11 190 000	10 800 000	16 850 000	23 180 000

Vedlegg 7.2 Økonomioversyn drift 1 2 A

Rekneskap 2009 Budsjett 2010 Budsj.2010rev Budsjett 2011 Budsjett 2012 Budsjett 2013 Budsjett 2014

DRIFTSINNTEKTER

LN04	Brukerbetalinger	-25 828 359	-24 698 394	-24 883 924	-25 026 951	-25 026 951	-25 026 951	-25 026 951
LN05	Andre salgs- og leieinntekter	-71 038 199	-25 263 797	-25 385 797	-25 943 500	-25 943 500	-25 943 500	-25 943 500
LN06	Overføringer med krav till motytelse	-153 872 701	-153 776 842	-221 746 306	-220 075 209	-220 968 209	-229 279 209	-236 642 209
LN07	Rammetilskudd fra staten	-148 549 999	-152 000 000	-152 000 000	-325 059 000	-334 659 000	-342 059 000	-349 459 000
LN08	Andre statlige tilskudd	-102 313 068	-108 350 000	-109 350 000	-24 350 000	-24 850 000	-24 850 000	-24 850 000
LN09	Andre overføringer	-282 000	-130 000	-399 000	-133 640	-133 640	-133 640	-133 640
LN10	Inntekts- og formueskatt	-388 629 878	-412 600 000	-412 600 000	-393 441 000	-398 904 000	-404 658 000	-410 358 000
LN11	Eiendomsskatt	-	-	-	-	-	-	-
LN12	Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	-	-	-
LN13	Sum Driftsinntekter	-890 514 204	-876 819 033	-946 365 027	-1 014 029 300	-1 030 485 300	-1 051 950 300	-1 072 413 300

LN14

DRIFTSUTGIFTER

LN16	Lønnsutgifter	477 394 156	475 925 904	473 252 970	498 159 027	501 259 027	507 759 027	510 859 027
LN17	Sosiale utgifter	125 125 402	128 998 337	124 050 078	131 676 699	132 976 699	132 976 699	132 976 699
LN18	Kjøp av varer og tjenester som inngår i	90 114 704	63 916 031	65 422 289	79 257 866	78 857 866	79 257 866	78 857 866
LN19	Kjøp av varer og tjenester erstatter ege	76 674 142	80 255 877	149 402 078	224 589 887	224 689 887	224 789 887	224 789 887
LN20	Overføringer	104 723 123	87 395 890	87 064 875	28 108 742	28 108 742	28 108 742	28 108 742
LN21	Avskrivninger	22 420 756	-	-	-	-	-	-
LN22	Fordelte utgifter	-9 921 115	-8 025 006	-8 025 006	-9 298 853	-9 298 853	-9 298 853	-9 298 853
